

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.10.2019

Fylkesrådmannen svarte slik:

«Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger vart vedtatt i Fylkestinget i Hordaland 4.10.2017 og i Rogaland fylkesting 24.10.2017.

Etter vesentlege innvendingar frå kommunane Austevoll, Tysnes, Fitjar, Kvinnherad og Sveio vart planen oversendt Kommunal- og moderniseringsdepartementet 5.01.2018 for endeleg handsaming.

Planen og innvendingane til den vart presentert i møte 09.03.2018 mellom politisk og administrativ leiing i Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og dei aktuelle kommunane.

Fylkesrådmannen har bedt om prioritering og snarleg avklaring i saka ved brev 6.5.2019 og 9.10.2019.

I tillegg vart planen presentert for statssekretær Lars Jacob Hiim på Plankonferansen 2018 der hovudtemaet var Planlegging for bærekraft i kystsona.

Hordaland fylkeskommune har ikkje mottatt avklaring i saka om Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.»